



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

## Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Time kommune 12. og 15. oktober 2015

<b>Tidsrom for tilsynet:</b>	2015
<b>Kommunen si adresse:</b>	Time kommune, postboks 38, 4349 Bryne
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Anne Reidun Garpestad
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	revisor Reidar Johnsen og revisjonsleiar Grete Flåten
<b>Dato for rapport:</b>	14. desember 2015

### Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Time kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekka eitt avvik i tilsynet med Time kommune. I tillegg fekk kommunen ein merknad.

### Avvik

Time kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### Merknad

Kommunen har plikt til å lage langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen ut frå resultata av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen. Fylkesmannen meiner at måla, strategiane og prioriteringane som Time kommune har i samfunnsdelen til kommuneplanen bør ha ei sterkare kopling til kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse. Det bør kome tydeligare fram kva utfordringar akkurat Time har når det gjeld risiko og sårbarheit, kva kommunen ut frå dette risiko- og sårbarheitsbiletet vil vektleggje og kva Time vil prioritere i sitt arbeid framover.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudintrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar i tilsynet .....	6

## **1. Bakgrunn for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Time kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

## **2. Rammer for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsel blei sendt 5. juni 2015, og Fylkesmannen har granska relevant dokumentasjon før tilsynet. Tilsynet var 12. og 15. oktober 2015. Den 12. oktober var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøtet blei halde 15. oktober.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekka under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av føresegnene i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## **3. Hovudinntrykk**

Time kommune har i fleire år arbeidd grundig med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har lagt vekt på å involvere fleire personar i dette arbeidet og jobbar på tvers av fagområde og avdelingar. Me ser ei tydelig forankring av samfunnstryggleik og beredskap i både den politiske og administrative kommuneleinga.

Kommunen har lagt vekt på å ha eit system for å følge opp den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen. Slik sikrar dei at analysen blir kopla til arbeidet med førebygging og krisehandtering.

Når det gjeld krisehandtering har kommunen i praksis og gjennom fleire øvingar vist at dei har god evne til å handtere dei utfordringane som har kome. Kommunen har ein låg terskel for å setje stab og ønskjer tydeleg å vere i forkant når det gjeld krisehandtering.

## 4. Resultat frå tilsynet

Fylkesmannen avdekka eitt avvik i tilsynet med Time kommune. I tillegg fekk kommunen ein merknad.

### Avvik

Time kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2, 6 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen har god breidde når det gjeld analysetema, men kvaliteten på dei ulike analyseområda er ujamn. Fleire av analysane er for lite konkrete om kvifor dette gjeld Time, og kva konsekvensane er for akkurat denne kommunen. Døme på dette er dyresjukdommar, pandemi og distribusjon av gass.
- Kommunen går lite inn på korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre og kommunen si evne til å oppretthalde sitt tenestetilbod når den ramma av ei større uønskt hending. Kva tyder til dømes bortfall av vatn/forureining av vatn for kommunen sitt tenestetilbod?
- Sidan den overordna heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er grunnlag for handlingsplanen, er det naturleg å få fram hovudutfordringane på tvers av dei ulike risikoane. Det kjem ikkje klart fram av risiko- og sårbarheitsanalysen kva kommunen meiner er mest kritisk sidan dei ulike risiko- og sårbarheitsfaktorane ikkje er sett opp mot kvarandre. Til dømes finn me ikkje tiltaket når det gjeld pandemi igjen i handlingsdelen, sjølv om dette er noko kommunen har vurdert som farleg.
- Kommunen har ikkje analysert om det er risiko i nabokommunane som kan ha konsekvensar for Time. Dette kan til dømes vere storulykkeverksemdar eller anna verksemd kor ulykker kan føre til at også Time blir råka. Me viser til at fleire område i kommunen har vokse saman med utbyggingsområde i nabokommunane.

### Merknad

Kommunen har plikt til å lage langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen ut frå resultata av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen. Fylkesmannen meiner at måla, strategiane og prioriteringane som Time kommune har i samfunnsdelen til kommuneplanen bør ha ei sterkare kopling til kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse. Det bør kome tydeligare fram kva utfordringar akkurat Time har når det gjeld risiko og sårbarheit, kva kommunen ut frå dette risiko- og sårbarheitsbiletet vil vektleggje og kva Time vil prioritere i sitt arbeid framover.

Døme på oppfølging av risiko- og sårbarheitsanalysen, sjå kapittel 4 i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

## 5. Grunnlagsdokument

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Time:

- Administrativ organisering Time kommune
- Risiko- og sårbarhetsanalyse 2012, vedtatt i kommunestyret 6. november 2012
- Eksempel risiko- og sårbarhetsanalyse – dyrehelse, datert 27. mars 2012
- Overordna planverk: beredskap – ROS-analyse og beredskapsplan for krisesituasjoner, sak i kommunestyret om oppstart 24. april 2012
- Innkalling til møte i beredskapsrådet 4. juni 2012
- Beredskap – overordna planverk: risiko- og sårbarhetsanalyse, sak i kommunestyret 6. november 2012
- Oversikt over medverknad og deltaking av eksterne etatar under utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse 2012
- Korrespondanse med Vibeke Henden Nilssen i DSB om storulykkeverksemder
- Beredskapsplan for Time kommune, vedtatt i kommunestyret 10. desember 2013
- Vedlegg til beredskapsplan, oppdaterte i 2015
- Beredskapsplan for vannforsyningen i Time kommune 2015-2016
- Liste over sårbare abonnemeter i Time kommune
- Plassering av tanker for nødvann i Time kommune
- Helse og sosial beredskapsplan, revidert 1. desember 2014
- Smittevernplan, vedtatt i kommunestyret 10. desember 2013
- Skriv om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, datert 10. september 2014
- Handlingsplan for oppfølging av tiltak frå ROS-analysen, oppdatert juni 2015
- Notat - oppfølging av forslag til tiltak etter øving 22. mai 2014
- Kommuneplan 2011 – 2022, vedtatt av kommunestyret 21. juni 2011
- Kommuneplan for Time 2015 – 2027, høyringsutkast
- Fylkesmannen sin uttale til planprogram for samfunnsdelen i kommuneplan for Time 2015-2027, datert 19. januar 2015
- Planstrategi , kommunestyreperioden 2011-2015, vedtatt av kommunestyret 11. desember 2012
- Startpakke, retningslinjer for utarbeidelse og innsending av reguleringsplaner, sist revidert 22. august 2013
- Timeplan 2015 – 2018, rådmannen sitt forslag
- Evaluering av ekstremværet Nina 10. januar 2015
- Evaluering av vannledningsbrudd 23. november 2014, datert 11. desember 2014
- Evalueringsrapport for beredskapsøvelse 2014 – ekstremvær
- Evaluering av beredskapsøvelse 22. februar 2013, datert 22. mars 2013
- Evalueringsrapport - handtering av snøver og sterk vind i perioden 11.–16. desember 2012
- Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Time kommune, 31. oktober
- Diverse kart frå Temakart Rogaland

## 6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Reinert Kverneland	ordførar	X	X	X
Brit Nilsson Edland	rådmann	X	X	X
Anne Reidun Garpestad	beredskapskoordinator	X	X	X
Bjørn Meling	kommunalsjef samfunn	X	X	X
Wibecke Natås	fagleiar arealplan	X	X	X
Ingeborg Havsø	tenenesteleiar omsorg	X	X	X
Elin Wetås Jara	kommunikasjonssjef	X	X	X

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisor/fylkesberedskapssjef
- Grete Flåten, revisjonsleiar/seniorrådgivar